

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

18. søndag etter kvitsunn, 16. oktober 2011

Preiketekst: Mark 2, 18-28

Lesetekst I: Jes 1, 12-17

Lesetekst II: Rom 14,1-8

Eit nytt liv med Jesus

Vi er komne til attande søndag etter kvitsunn. Fridomssundagen vert han ofte kalla. Reint språkleg og ut frå teksten sitt innhald kunne ein også snakka om "sabbatssundagen", men alle høyrer kor dårleg og merkeleg det kling! Dagen handlar mellom anna om faste, om reparasjon av klær, vintapping i skinnsekker og ulike sabbatsreglar. Mangt og mykje altså som har lite å seia inn i vår tid, synest vi, og som ikkje pregar kvardagen for dei fleste av oss. Det kan nesten virka litt "gresk" det heile, og truleg er det heller ikkje så ofte at denne teksten vert preika over, korkje frå kyrkjer eller andre gudshus. Men Guds ord har alltid noko å seia oss!

Faste i Bibelen

Samanhengen er denne: Jesus har nettopp lækt ein mann i Kapernaum, den gongen då dei braut opp taket. Etterpå kalla han Levi til læresvein. Rett før vår tekst står det også å lesa at Jesus heldt måltid saman med tollarar og (andre) syndarar. Så kjem det nokre menn til Jesus og vil samtala med han om reglane for faste. Eller kanskje var dei ute etter å setja Jesus fast? Meisteren kom i alle fall ganske ofte i konflikt med farisearane og andre grupperingar. Jesus kom med noko heilt nytt, og dette nye kolliderte gjerne med deira tru og gudsydning. I teksten vår denne gongen er det faste og sabbatsmarkering som står i sentrum.

Faste, ja. Når mange i dag høyrer ordet, eller om ein spør elevar i skulen om dette, så får ein Ramadan til svar. Muslimane sin fastemånad. Men faste er ikkje noko muslimsk påfunn. Vi finn faste omtala mange stader både i Det gamle og Det nye testamente. Det var påbod om faste ved Yom Kippur, den store forsoningsdagen. Elles var det ikkje påbod om å fasta ved andre høve. Men det hadde utvikla seg ymse faste-tradisjonar, med faste på einskilde dagar og mange høve elles. Og Bibelen gjev oss mange og sterke inntrykk av praktisering av bøn og faste, særleg i samband med katastrofer, uår, krig, sjukdom og død. I kyrkjeåret vårt har vi fastetida frå askeonsdag til påske; førti dagar, som samsvarar med den like lange perioden som då Jesus vart freista av Djevelen i øydemarka.

Men praktiserer vi faste? Somme mellom oss gjer det, i bokstaveleg meining, for kortare eller lengre periodar, og opplever ei god hjelp til åndeleg konsentrasjon. Sjølv om ein i katolske og andre samanhengar ofte har misbrukt fasten, og trudd at ein ved den skulle oppnå noko hjå

Gud, opphevar ikkje misbruken kva Bibelen lærer oss om faste. Det står mykje også i Det nye testamente, som vi gjer vel i å akta på!

Brur og brudgom

Men kva er det så Jesus svarer, når han (vers 18) vert utfordra på kvifor ikkje hans eigne læresveinar fastar? Brudgommen er her; han er hjå læresveinane sine, og då er det tid for fest, og ikkje for faste, seier han. Dei som spurde, kunne nok oppfatta dette som himmelropande spott mot Gud. For i jødisk tanke var det Gud sjølv som var brudgommen, og folket hans var brura. Men denne dagen vågar altså Jesus seg til å presentera seg sjølv som brudgommen; Guds utsende som tala og handla som Gud.

Men biletet med brudgom er sterkt også av ein annan grunn. For er det ein brudgom, er det også ei brur; og når begge desse er til stades, tyder det at bryllupet snart skal skje. Dei to skal foreinast! Frå Bibelen elles lærer vi at den Jesustruande kyrkjelyden av jødar og heidningar er brura. Det gjeld også for oss i dag; at når brudgommen er her hjå oss; vil inn til oss, då tek vi imot han. Då gler vi oss, då er det fest både på jorda og i himmelen.

Guds rike kjem

Men det skulle koma dagar då brudgommen vert teken frå læresveinane, seier Jesus vidare. Det skulle skje ved at han skulle lida og døy på krossen, og læresveinane skulle tru at all von var ute. Og seinare, når han er oppstått frå dei døde, skal han fara opp til himmelen og setja seg ved høgre handa åt majesteteten i himmelen. Jesus førebur læresveinane på dette, og i desse periodane kan det vera behov for og godt å fasta. Slik også for oss medan vi ventar på brudgommen.

I denne talen av Jesus er det det nye Gudsriket som openberrar seg, der menneske ikkje vert rettferdige på grunn av faste, sabbatsiver eller fromme gjerningar, men eine og åleine av nåde, basert på Jesus Messias' frelseverk.

Når Jesus talar vidare om ukrympa tøy og vin og skinnsekker, er desse bileta med og understrekar det han har sagt. Det nye som kjem med Jesus sjølv, sprengjer rammane for det gamle. Jesus Messias som dei har venta så lenge på, er komen! Skulle ein leva som om ein framleis var i den gamle pakta, ville rifta berre blitt verre, for å nytta orda frå teksten. Med Jesu komme og hans frelse for oss, får vi eit nytt liv, både jødar og heidningar!

Sabbat og sundag

Dei siste versa handlar om sabbaten. Jesus er herre også over den. I vår samanheng tenkjer vi nok like mykje på sundagen, som er vår heilagdag. Den kristne kyrkja har valt å halda den første dagen i veka heilag, den dagen då Jesus stod opp frå dei døde. Jødane held på den sjuande dagen; den dagen då Gud sjølv kvilde. Vi skal merkja oss at det finst ingen bod i Bibelen som seier at det skal vera den eine eller den andre dagen. Men elles har vi sikkert eitt og anna å snakka saman om når det gjeld korleis vi brukar og er innstilte til sundagen, vår heilagdag. Vårt problem eller utfordring er kan henda den motsette av farisearane sin situasjon; dei pressa lova og praksisen til det ytterste, og vart på sett og vis sabbatstrellar så til dei grader. Vi står vel heller i fare for å skusla bort den dyrebare gáva som heilagdagen er. Slik sett har vi svært mykje å læra av korleis både Jesustruande jødar og andre jødar tek vare på, og gler seg over, og praktiserer sabbaten og høgtidsdagar elles. Desse trekka kjem ekstra tydeleg fram no i denne tida, som er ein stor fest- og høgtidsperiode etter den jødiske

kalendaren. Det har nettopp vore nyttår; Rosh Hashana, og deretter Yom Kippur; den store forsoningsdagen, og no desse dagane er det Sukkot, løvhyttefesten.

Shabbat shalom! God helg!

Paul Odland

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

stavanger@israelsmisjonen.no